

Nordhordaland Forlag.  
Første utgave 1995.  
ISBN 82-90908-4-0



Peter Henriksen, fødd i 1918 i Solund. Han vart arrestert i mai 1943 i samband med våpenlageret i Begla. Sat i fengsel i Bergen og Espeland, vart sendt vidare til konsentrasjonsleirar i Tyskland der han sat til frigjerings i 1945.

Bernt Tungodden:

## Han var ikkje redd for å døy, men ønskte å leve...

Mellom dei mange som fekk føle dei tyske krigsfangeleirane sin brutalitet, råskap og sadisme, var også brorane Harald og Peter Henriksen.

Peter, som no bur i Fana i Bergen, sa det same som broren, at det var vanskeleg å kalle fram dei vonde minna frå fangetida. Det var vanskeleg for han å føre dette i pennen, men det ville vere lettare om han kunne samtale med meg om det. Det førte til at eg besøkte han og kona Anna-Lisa. Det vart eit gripande møte og neppe gløymer. Peter er ein beskjeden og noktern person som ordlegg seg i enkle og varsame formuleringar. Men for å få fram det groteske i alt han og dei andre fangane opplevde, trengst det ikkje store ord. Peter seier at han har vore tilbakehalden med å fortelje om tida si i konsentrasjonsleirane. Men sidan vi begge er sulingar og sambygdingar, er det lettare for han å ta fram att det han minnest frå fangenskapet når han kunne prate om det til meg. Han vektlegg at skildringa hans skal vere noktern, ærleg og saun. Den lovnaden vil eg halde, og har valt å gjengi skildringa hans slik han ordla seg, kort og enkelt. Det er ei utruleg historie om råskap og brutalitet som her følgjer, slik det kom fram i samtalen med Peter Henriksen.

### Krigen kjem til Solund

Endå er det mange som hugsar 9. april 1940 – ein av dei tyngste dagane for oss som opplevde det. Heime heldt vi på å montere ein ny motor i båten denne dagen. Bodskapen om invasjonen fekk vi høyre gjennom radioen, og det verka nærast uforståeleg. Om morgonen den 9. april kom to tyske fly i låg høgd nordover. Vi vart liksom lamna, sat berre og tenkte, så noko meir arbeid vart ikkje utført den dagen. Det gjekk mange rykte desse første dagane av krigen, og frykta var stor. Det kom ordre om mobilisering, og alle som hadde vore i «ekstersisen» måtte reise av garde. Eg var friteken, og vart difor verande att heime. Nyheitene var dårlege. Den tyske hærmakta kom som ein bråttsjø over landet, og mange gode nordmenn sette livet til desse første kampdagane.

oss til, der floytte «Hosanger 1» og me laut springa til sjøen. Det kom om lag 200 menneske om bord i Storholmen òg.

#### Onsdag 14. mai 1941

Eg høyrd radio i dag, og fekk då greie på den utrulege hendinga at Rudolf Hess, Hitlers varamann og høgre hand no har rømt, visst nok for 2-3 dagar sidan til Storbritania i eit fly heilt åleine. Han greidde ikkje å landa, men hoppa ut i fallskjerm i nærleiken av Glasgow. Han kom då vel frå det for såvidt, skadde berre åkla. Heile verda står i undring over dette faktum, og spør kvifor all verda Hess rømde. Sjølv seier han at han greidde ikkje å

## Motstanden tek til

Norge måtte gi opp. Kongen og regjeringa måtte forlate landet, og reiste til England. Militært var vi slegne, men motstandsviljen var framleis sterk hos mange. Nokre reiste til England, til dels i dårlege farkostar.

Etter som tida gjekk, og motstanden mot fienden auka, var det fleire og fleire som tok vegen over Nordsjøen.

Eitt av desse fartøya kom ein dag innom på nordsida av Indrevær. Dei skulle til Shetland, men måtte snu på grunn av uvær, og no hadde dei ikkje bunkers nok til ein ny tur. Det kom to karar frå naboøya Indrevær til oss, og spurde om vi kunne skaffa olje, slik at dei kunne leggja ut på ein ny tur. Bror min, Harald, og eg gjorde avtale med dei om at vi skulle skaffa fram ein del fat olje, og at desse skulle leggjast på ein avtalt stad. Dei skulle neste natt hente desse oljefata. Det heile gjekk etter planen, og neste dag var fata borte, og båten var reist. Harald og eg var glade for at vi kunne vere med å hjelpe til.

Tida gjekk og trafikken mellom Norge og Shetland auka. Ein dag vart vi merksame på ein framand båt som låg inne på Vesøysundet. Vi visste ikkje om det var ven eller fiende. Utpå dagen kom to karar frå båten og spurde om det var ein verkstad i nærleiken. Dei fortalde at dei hadde problem med motoren, og spurde om eg kunne hjelpa dei. Eg lånte motobåten til bror min, og reiste med dei ut til båten. Då eg kom om bord, viste det seg at det ikkje var motoren som var problemet. Derimot hadde dei ein mann i båten som måtte fraktast til Gulen. For å kome dit, måtte vi kryssa Sognesjøen, og der var det ofte tyske vaktbåtar. Eg tok på meg å skyssse denne karen til over Sognefjorden til Gulen. Han hadde ikkje gyldige tyske pass eller noko anna papir han kunne vise for seg, men han hadde klar revolvaren om han skulle møte den tyske okkupasjonsmakta.

Vi var heldige, for den dagen var der ingen vaktbåtar å sjå, slik at vi kom fram til Gulen etter planen.

Eg fekk og vite at båten var lasta med ammunisjon og våpen, og at desse måtte lossast så fort som råd var, slik at dei kunne gå vestover same natta. Vi vart einige om å losse lasta i Begla, ei lita øy ytterst i Solund, litt innanfor Utvær fyr. Etter at båten var tømt, losa eg dei vest i havet utanfor Utvær, før eg tok fatt på den lange roturen heim.

Etter ei tid vart det kjent at folk hadde oppdaga våpenlageret, og bror min og eg rekna med at vi snart ville bli tekne av tyskarane. Vi kunne nok ha rømt til England med ein båt frå Solund, men vi visste kva metodar tyskarane brukte. Fann dei ikkje dei dei lette etter, kunne dei ta andre som gissel. Vi vart verande i heimbygda sjølv om vi hørde at tyskarane gjekk hardt fram og arresterte mange som var med i illegalt arbeid.

*arbeide i lag med Hitler, og roming var det einaste som kunne berga han frå Gestapo. I dei næraste dagane får me kanskje løysing på gåta, men eitt tykkjest vere visst: Det må råda sterk usemje i den nazistiske styringa. Eg tykte dette var det fregaste nytt på lenge.*

**Torsdag 15. mai 1941**

Her fortel Edvard Halvorsen at han tok til å skrive dagbok heilt tilbake frå 1. januar 1933. I staden for å skriva om berre ein og annan dagen, når det er noko særst å skriva om, så valde han å ta med alle dagar, og særleg notera ned det han dreiv på med.

Bildet er frå Husøy i Solund, og viser barn-  
domsheimen til brørne Harald og Peter  
Henriksen. Huset som var frå 16–1700 talet,  
hadde vakre utskjæringer i listverk og dorer.  
Huset vart rive etter krigen. I den store sjo-  
bua dreiv faren landhandel.

Frå samlinga til Peter Henriksen.



Det skulle visa seg at det var ei hending i Sunnhordland som innhen-  
ta oss.

I fleire bøker frå krigen kan ein lese om hendinga frå Sunnhordland, mellom  
anna omtalar Alf Steinsoy dette i «Krigshendingar i havkanten» der dette av-  
snittet er henta frå:

Den 19. april 1942 vart 4 Lingeakarar sleppte i fallskjerm i Eksingedalen. To  
av dei var Kristian Tonseth og Gustav Merkesdal. Dei delte seg i 2 grupper som  
begge opererte sendarradio. I mars 1943 flytta Tonseth og Merkesdal til  
Hardanger. Ein månads tid etter fekk dei ordre om utatthenting. Dei flytte då  
til Sunde i Sunnhordland, men for dei kom seg av stad, vart dei arresterte av  
Gestapo på garden Grønstøl. Tyskarane hadde truleg følgd sporet deira ei stund.  
Dei miste likevel Tonseth, som fekk tak i ein revolver og skaut begge vaktmen-  
nene sine oppe på Grønstøl. Han greidde å koma seg over til Bomlo og derfrå til  
England med båten til presten der. Dette verka ikkje nettopp til at Merkesdal  
vart mildare medfaren. Han vart slegen mykje berre for henn, men elles for å få  
namn på kontaktar, og ikkje minst om våpenlageret i Begla som dei hadde fått  
vita at Lingeakarane skulle ha. Det foreheldt seg og slik at det var desse fire  
Lingeakarane som skulle disponere våpna i Begla for vidare fordeling. Etter 4–5  
døyer med så å seia samanhengande tortur, greidde Gestapo å bryta motstands-  
krafta hans ned slik at dei fekk ut namnet Begla, og ein Johannes som skulle bu  
der. Alt då lageret vart plassert, vart det lagt opp slik at som kontakt skulle opp-  
gjøvast «Johannes i Begla». Gustav Merkesdal visste at han ikkje eksisterte, men  
han visste heller ikkje om nokon andre.

Bror min og eg vart tekne på mistanke på di det var på vår eigedom,  
men først fann dei to mann med namnet Johannes, og dei laut vere med  
til Begla og påvise lageret. Den dagen dei slo til kunne vi frå Husøy sjå  
ei svart røyksky kom opp over Beglevågen (sprengde dei delvis ammu-  
nisjonen?) Vi kunne og sjå ein marinebåt der ute. Vi hadde tid til å røma,  
men våga ikkje av omsyn til represalier.

Dagbøkene vert på denne måten noko tørre, men i mange høve  
opplysande.

**Lørdag 17. mai 1941**

Det er småskule på Kleiveland. Straks eg var ferdig med skulen, tok eg til  
å pussa og stella, men eg hadde ikkje halde på lenge for Karen kom reisek-  
ledt ned og sa at no skulle dei ro på Elvika, så no kunne eg få vere med.  
Sverre skulle skyssa meg bort til Romarheim. Eg tok då til å pakka i hurten  
og sturten. Karen hjalp meg. I 15.00 tida rodde me. Til å byrja med var  
det berre Sverre, Karen, Ingeborg og eg, men «under vegs» tok me opp

## Arrestasjon

Det var den 3. mai 1943 Gestapo kom og henta oss. Dei rota rundt i huset for å finna bevis. Dei fann ein bit sjokolade, og det var nok. Det var enkelt å kunne konstatere at denne sjokoladen ikkje var kjøpt i Norge. Medan tyskarane ransaka, greidde eg å kome meg inn på soverommet. I nattbordet låg farlege papir! Eg åt dei, svelgte dei ned, og drakk godt med vatn. Der for kodane...

Turen gjekk til Bergen kretsfengsel, og einecelle. Første tida var tung. Kva visste dei? Etter ei tid vart eg kjørt til Veiten 3, til forhøyr. Første dagen gjekk bra. Juling fekk eg, men det hadde eg rekna med.

Om kvelden vart eg vist til eit rom i kjellaren. Møblane var eit bord, og ein hard brisk å liggja på.

På bordet låg fleire ark skrivepapir og ein blyant. Eg fekk følgjande ordre: «Du skal skrive om alt du har vore med på. Skriv om andre du veit om som er, eller har vore i illegalt arbeid. Vi vil ha namn og adresse. Dersom du gjer dette, er saka ute av verda, og du får reisa heim.» Dette var eit velkjent agn – lokkemat. Nei, dette kunne eg ikkje, dette ville eg ikkje gjere!

Det var kaldt i cella. Det vesle lyset kom frå ei lyspære på gangen utanfor. Eit hol i døra slapp litt lys inn. Eg skreiv ikkje eit ord. Eg la meg på brisken og bad til Gud: «No må du gå med meg, og gi meg den kraft du ser eg treng.»

Neste morgon kom tolken og henta meg til nytt forhøyr. Eg vart lagt på eit bord. No *skulle* dei ha meg til å snakke. Ein mann heldt meg fast over nakken med eine handa, den andre handa heldt han for munnen min. Så kom det to karar med kvar si piske. Dei slo og slo. Eg tenkte: No er det slutten for meg. Eg visste ikkje før eg ropte det eg kunne: «Eg er i dine hender Jesus.» I same sekund dette ropet kom, vart alt stilt. Eg forsøkte å sjå til den sida der dei to som piska meg stod. Dei stod ved veggen og såg framfor seg, liksom dei såg noko langt borte.

Eg fekk ordre frå tolken om å reise meg, men det var vanskeleg for det var svært vondt. Verst av alt var at eg nesten ikkje kunne sitje.


Det var under desse forhøyra i Bergen eg møtte dei verste tyske sadistane i heile mi fangetid. Sjefen for fengselet i Bergen som vi kalla «Lubben», var ein grusom brutal torturist. Etter krigen prøvde eg å finna fram til denne mannen. Politiet hjelpte meg, men det viste seg at han omkom då båten «Westfalen» gjekk ned i Skagerak under krigen. Eg ber enno store merke på kroppen etter slag. I bakenden har eg hol så store som plommer etter at dei slo laus kjøtet mitt der. Desse medaljane går i grava med meg...

Nede i 1. etasje i fengselet kom eg i kontakt med Knut Grønstøl som

*Hilda Smivik, og Anna på «Neset». Me gjorde god fart innover og kom fram før klokka 17.00. På vegen hadde kjerringane mykje moro med at det var lenge no sidan dei hadde vore på 17. mai leik. (Det skulle vera basar på Elvik).*

### Søndag 25. mai 1941

*Om kvelden fekk me høyra i radio at engelskmennene hadde teke hemn for «Hood» som var søkt i Nordishavet, «Bismark» som gjorde det, vart i dag søkt i Atlanterhavet. «Bismark» var ute på sin første og siste tur. Det var verdas tyngste krigsskip på 35000 tonn, den tyske marine sin «stoltheit».*



*M/K «HARALD I» var båten som frakta våpen og ammunisjon til øya Begla i Solund. Det var dette lageret som førte til at bror Harald og Peter Henriksen vart arresterte og sende til tyske fangeleirar.*

var arrestert i same saka. Vi hadde streng ordre om ikkje å snakke med andre innsette, men ein gong vi var i dusjen fekk eg sjå han. Vi måtte stå med ryggen til kvarandre, ikkje ein gong augekontakt vart tillatt. Eg såg meg i løynd over skuldra, og synet som møtte meg var svært sterkt. Torturistane hadde maltraktert ryggen hans, slik at den var einaste blodig masse. Då slo «Lubben» meg i ansiktet. Han hadde eit nøkkelknippe rundt neven, slik at slaget vart ekstra ille. Nasa vart knust.

Ein kveld i Veiten dei ikkje hadde låst celledøra til Gustav Merkesdal, kom han bort til meg, og kunne då fortelja meg kva han hadde fortalt under forhøyra. Då eg fekk greie på kva han hadde sagt, skjøna eg at det var ingen veg tilbake.

Eg var i fleire forhøyr, og vart for kvar gong sendt tilbake til einecelle i fengselet. Mellom forhøyra fekk eg greie på kva bror min hadde fortalt tyskarane. Dette skjedde ved at det kom ein person utanfor døra mi, og kviskra desse verdfulle opplysningane til meg. Kven denne hjelpemannen var, har eg aldri fått greie på.

Eg vart sitjande i Bergen kretsfengsel heile sommaren. På dagar med fint solskin, drog eg bordet fram på golvet, og låg på dette og sola meg. Den sola som slapp inn var nok til at eg vart brun og fin, så brun at ein medfange ei tid seinare spurde meg om eg hadde vore på høg fjellet.

Einecelle var ein fordel for meg. Eg uroa ingen, og ingen uroa meg, utanom dei gongene sjefen kom på inspeksjon. Han slo og sparka meg – det var hans oppgave...

Då eg var ferdig med forhøyra, gjenstod berre ein ting: Dommen. Dersom det vart dom, vart det dødsdom. Det fekk eg klar beskjed om.

Tida i fengselet fall lang. Før eg vart arrestert var eg i god form. Van som eg var med hardt arbeid, var det nødvendig for meg å driva litt gymnastikk i cella. Elles gjekk tida med å lese, sjøl om dette var strengt forbode. Det same gjaldt røyking, men det var ikkje noko problem for meg. Vi fekk heller ikkje lov til å ligge på senga om dagen, men etter ei tid lærte eg rutinane i fengselet, og kvilte middag samstundes med dei andre. Ikkje i senga, men på golvet, med ein frakk over meg til dyne.

Bibelen var den viktigaste støtta for meg i denne tida. Då eg las i Bibelen om kva framtid som venta meg i himmelen, svann ein del av frykta for tyskarane. Ein av dei tyske vaktene spurde meg ein gong om eg ikkje var redd for å døy. Då eg svara med å peika mot himmelen, rista han på hovudet og gjekk sin veg. Eg var ikkje redd for å døy, men ønskte å leve.

Eg hadde fått med meg Bibelen og eit lite Nytestament då eg vart arrestert. I fengselet i Bergen, fekk eg lese i Bibelen. Men i fangeleirane i Tyskland var det strengt forbode – og om ein gjorde det, kunne ein risikere dødsstraff.

#### **Lørdag 7. juni 1941**

*I dag er det eit år sidan konge og regjering reiste til England.*

*Vorm-Müller tala i Radio i kveld frå London, og meinte at det skulle ikkje verta så alt for lenge før dei kom att. Ja, gjev det var så vel!*

#### **Fredag 20. juni 1941**

*Eg var i byen denne dagen. Etter at eg hadde gjort frå meg ymse ærend, gjekk eg på telegrafstasjonen og ville telegrafera til Høylandsbygd om at eg kom, men då kunne folka på stasjonen fortelja at all telefon og telegraf vart stengt over heile landet klokka 09.00 i dag. Eg vart heilt paff med det same,*



*Peter Henriksen fekk med seg Bibelen og Nytestament då han vart arrestert. Vi kan lese om korleis han fekk ha Nytestamentet i konsentrasjonsleiren i Tyskland endå det var ulovleg. Både Bibelen og Nytestamentet er slitne, sider er blitt borte. Han har skriva ein del i desse bøkene. Blant anna står framme at han reiste frå Espeland 7.12, og kom til Grini 8.12. Til Stettin kom han 11.12.43. På siste sida har han skriva: «Tidene er fulle av vondskep. Eg er i Herrens hand. Dei som finn denne bok, send den til mine kjære og sei at eg er hos Jesus. Hev vore til forhor i 4 dagar, i morgon den 5te dag er kanskje den siste. Er trøytt. Dykkar Peter».*

Då vi kom til fangeleirane i Tyskland, måtte vi levere alt frå oss. Klede måtte vi kaste i ein samlehaug. Vi fekk tilbake tilfeldige klede som ikkje passa til storleiken vår. Eg hugsar at då eg skulle levere frå meg klede, bretta eg det vesle Nytestamentet godt inn i ullsokkane, og kasta det på kleshaugen. Etter at vi var snauklipte, fekk vi slengt fangeklede tilbake. Eg fekk noko som ikkje passa, men ved eit under, fekk eg mine egne sokkar tilbake! Eg gøymde det vel, og sa det ikkje til nokon. Likevel viste Nils Langhelle julaftan at eg hadde Nytestament.

Seinare vart også Nytestamentet borte, eg veit ikkje korleis. Men eg hadde skriva inn i Bibelen at dersom nokon fann det, så måtte dei vere snill og sende det til mine kjære. I 1949 kom både Bibelen og Nytestamentet til meg frå Raudekrossen!

## Fangeleiren på Espeland

Etter ei tid i Bergen gjekk turen vidare på lastebil til fangeleiren på Espeland. Eg kan ikkje hugse kor mange av oss som no var arresterte i same saka, men det vart einecelle for oss alle. Vi vart kalla «lenkegjengen». Cellene var små, med berre eitt lite vindaug plassert høgt oppe på veggen. Eg måtte stå på ein taburett for å kunne sjå ut. Ein dag fekk eg ein idè. Eg hadde fått med meg ein liten lommespegel. Denne sette eg i vindaugskarmen, og kunne då sjå porten, ein del av offisersbrakka, og litt av plassen utanfor. Dette var god underhaldning. Såg eg at det kom inspeksjon, var eg snar å ta ned «fjernsynet».

Eg hadde celle nummer 1. På ein stol utanfor celledøra sat den tyske vakta. Dei heldt vakt dag og natt. Ei natt var det ei av vaktene som opna luka i døra mi, og kasta inn til meg tobakk og fyrstikker. Dette var ulovleg, og vart det oppdaga, ville både han og eg få streng straff. Sidan eg ikkje røkte, ville eg ikkje ta i mot dette. Eg kunne ikkje snakke tysk, men det var tydeleg at han ville fortelje meg noko. På motsett side av gangen, berre halvannen meter borte, sat ein norsk offiser, også han kunne flytande tysk. Eg bad den tyske vakta henta han, noko han gjorde, og den norske offiseren oversette. Det viste seg at den tyske vakta hadde tjuvlytta på London, og no ville han fortelje nyheitene til oss.

Eg fekk seinare god kontakt med mange av desse vaktene. Det hende dei hjelpte fangane med å sende brev, eller utførte andre ærend. Men dei presiserte alltid at dei andre vaktmennene ikkje måtte få kjennskap til dette. Slik var systemet. Ingen kunne stole på nokon. Vaktene var redde for kvarandre. To av dei eldste vaktene hjelpte oss fangane mykje. Det hende at dei let oss sleppe ut på gangen, slik at vi fangane fekk snakke saman. Når dette skjedde, stod dei to tyske vaktene og passa på i tilfelle

*og kom meg ikkje retteleg i lag att før fleire timar etterpå. Klokkå 10.30 kom kona med ungane frå Haukeland, og så bar det om bord. Marta var også komen ned og me prata ei stund før båten gjekk klokka 10.30. Det var «Vikingen», så me hadde det romsleg og godt. Eg prata mykje med maskinisten om bord. Det var særleg om tyskarane og deira planer. Elles lydde det så ut at alle eg snakka med var turvande galne på tyskarane. Eit kvinnfolk i 50-åra var så rasande på dei at ho tolde ikkje me sa eit godt ord om den tyske nasjonen, «Dei er lystmordarar alle saman», let ho. På Leirvik gjekk me om bord i «Åkrafford» og kom til Høylandsbygd klokka 21.00. Hallvard var på brygga, og bar heini med oss. Me kom heilt uventa, og mor*

nokon kom. Kom det nokon, vart det plystra ein avtalt melodi, og då var det for oss fangar å kome inn igjen i cellene fortare enn svint. Straffa viss vi vart tekne for dette, var dødsstraff, både for vaktene og oss.

Den eine av vaktene var ein liten, låghalt mann, som også hadde vore med i første verdskrigen. Ein gong sa han til meg: «Kommer dere til Tyskland, ser dere aldri mer Norge igjen.»

## Turen går vidare – vert det Tyskland?

Tida gjekk, og dagen kom då vi skulle bryta opp. Vi vart lenka saman to og to for ikkje å kunne røme, og så bar det med tog til Oslo. Til Grini kom vi 8. desember 1943, og dagen etter gjekk turen ned til hamna, der «DONAU» låg klar til avgang. Fangane vart plasserte langt nede i båten, og fekk ikkje sleppe opp på dekk før vi hadde kome utanfor norskegrensa. Om natta kunne eg sjå lysa frå land, og tenkte: Så nær friheita, og likevel kan vi ikkje nytte oss av den. Turen gjekk roleg for seg, og det var bra mat om bord.

Turen gjekk til Stettin i Polen. Der vart vi mottekne med kommando-rop og skrik som berre tyskarane kunne få til. Det vart oppstilling, og fangane vart ropt opp, somme til høgre somme til venstre. Den flokken eg kom i, vart sendt til Sachsenhausen. Det var eit trist syn som møtte oss. Lutrygga, magre og fillete fangar. Vi fekk utlevert fangeklede, «vinkel», og ein «N», som stod for nasjonalitet. Mitt fangenummer var 74039. Vinkelen var ein del av det kompliserte merkesystemet som var i dei tyske konsentrasjonsleirane. Ulike merke på fangedraktene fortalde kva kategori fangane tilhøyrde. Det kunne vere jødar, politiske fangar, kriminelle o.s.b.

Svolten og kulda merka eg ganske tidleg, og eg fekk snart innsyn i den endelause brutaliteten i leiren der eg fekk sjå at fangar vart pinte til døde. Ein fange hadde stole ei gulrot. For denne «forbrytelsen» måtte han bøte med livet. Det gjorde eit veldig inntrykk.

## Jul i Sachsenhausen

Det lei mot jul, og ein del av fangane forsøkte så godt dei kunne å lage til litt julestemning. Ein fange hadde laga eit maleri med motiv frå Norge. Dette viste eit raudt hus nede ved strandkanten. Ein båt låg fortøydd, og det norske flagget var heist. Teksten var henta frå julesangen «Deilig er jorden», og var: «Tider skal komme.» Dette motivet kan eg ikkje gløyme. Aller sterkast vert minna når denne songen vert sunge i samband med

*var så vidt lagt, men kom seg snøgt opp att. Me vart sitjande å prata til fram mot midnatt.*

**Tirsdag 24. juni 1941**

*Noko nytt om krigen var det også i dag. I avisa stod det med store bokstavar ei kunngjering frå Terboven om at Bergen, Laksevåg og noko av Fana no var gjort til eit sperreomkverve, og ingen utan i naudsfall kunne kome inn og ut frå byen. Me vart heilt forferda over denne kunngjeringa, og i morgon skulle me reisa til byen var meininga, men som dette ser ut kan det verta vanskeleg å kome seg avgarde.*

julehøgtida. På eit bord var det sett opp nokre spiler, dette fekk gjere nytte som juletre. Vi var lova ekstra mat på julekvelden, men den lovnaden vart ikkje halden. Det vart kålrotssuppe som vanleg.

Eg hadde fått med meg eit nytestamente, og Nils Langhelle, seinare stortingspresident, las jule-evangeliet for oss.

Tankane gjekk til dei heime. Korleis hadde dei det? Det var vanskeleg og tungt for oss alle. Alle dagar var like grå og tunge. Svoltten og kulden var det verste.

## Heinkel flyfabrikk

Så var det ny tur. Denne transporten gjekk til Heinkel flyfabrikk. Arbeidet eg vart sett til å gjere på fabrikk, var å bore tett i tett med hol etter eit fast mønster. Vi arbeidde inne, så kulden var ikkje det verste, men svoltten og lusa gnog dag og natt. Eg hugsar vi sat to karar på sengekanten ein kveld og «luska» kvarandre. Lusene la vi i ei tom vaselin-øskje. Då eg studerte lusene, viste det seg at der var to rasar. Nokre store og grå, andre små med ein flekk på ryggen. Kanskje det var ulike generasjonar? Eg sa: «Vi kan kanskje overleve krigen, men at vi skal verte fri for lusa, det trur eg aldri i livet.»

I den vanskelege fangetida var humoren viktig, og ein danske heldt ein dag foredrag der temaet var ulike måtar å drepe lus på. Han sa mellom anna:

«Du tar det lille dyr, og legger det på sin lille rygg. Åpner dets lille munn, og fyller denne med gift. Da dør den.» Den mest brutale måten å drepe lus på, sa han, var å knuse den med nagla.

Ein kveld vi skulle avslutte arbeidet for dagen, kom den tyske arbeidsleiaren til meg med vaskefatet sitt. Han bad meg gå å hente varmt vatn til seg, og ha godt med grønnsåpe oppi. Den skrale kosten gjorde at vi stadig måtte tre av på naturen sine vegne. Eg våga ikkje be om lov til å gå i slikt ærend nett då, og såg ikkje anna løysing enn å lata vatnet i vaskevatnet hans! Eg leverte vaskefatet til han, og han takka for vel utført arbeid. Den kvelden vaska den tyske sjefen seg i norsk vatn, urin frå meg...!

## NN-leiren Natzweiler

Ein dag i mars 1944 vart bror min og eg ropa opp. Turen gjekk tilbake til hovudleiren og ny transport. Vi visste ikkje kva veg det no bar. Vi reiste i fleire dagar. Då turen stoppa, vart vi førte inn i noko som likna på ei

*Onsdag 25. juni 1941*

*Eg sov ikkje noko vidare bra i natt, tenkte for mykje på korleis me skulle kome oss heim att. Me telefonerte til Hardanger Sunnhordlandske Dampskipsselskap og spurde korleis det var med dette stengingsspørsmålet. Me skjona så mykje av svaret, at båtane gjekk som vanleg, og at det var råd å kome inn i byen også. Me vart straks lettare om hjarta då me høyrde dette, men for å vera sikker ringde me opp til lensmannen i Skånevik og fekk han til å skriva ein bevitnelse om at me hadde vore i Høylandsbygd på vitjing. Etter middag pakka me saman, og gjekk i 16.00 tida til sjøen. Så bar det med «Vikingen» innover til Innboja, Ølen, Etne*



gamal mølle. Der var mørkt og svart, ein grufull plass. Vi kjende i nattemørkret korleis rottene kraup rundt og over oss. Det vrimla av lus og rotter.

Etter nokre dagar bar det vidare, til vi ein dag stod ved porten til leiren Natzweiler.

Vi var tre som kom inn samstundes. Først kom vi inn i eit rom der det var reint og fint, men vi la merke til at der hang krokur i taket. Ja vel, eg tenkte mitt... Saman med bror min og meg, var ein utlending. Han var spebygd, lys i håret, og brukte briller. Han vart slått og sparka av dei tyske vaktene. Då vi gjekk, låg den slegne guten livlaus att på golvet. Slike veikingar hadde ikkje tyskarane bruk for.

Vi fekk utlevert fangeklede, og nytt fangenummer. Mitt fangenummer vart 7883. Eg vart sett til å køyra snø, og noko som likna på kol. Dette skulle køyrast til krematoriet. Det var frykteleg kaldt. Vi hadde lite klede og mat, og det gjekk difor ikkje mange dagar før eg vart sjuk. Eg hadde høg feber, og det vart vanskeleg å puste. Eg følte det slik at no var det snart slutt.

Ein fange frå Oslo, Hart K. Munte, bar meg til sjukebrakka, og banka hardt på døra. I det same døra gjekk opp, sette Munte foten i mellom, for inn skulle han, med meg på ryggen. Det kom eit brøl på tysk i mot oss frå vakta på innsida. Vakta var ein nordmann som hadde stige i gradene i leiren, og Munte svara difor på norsk: «Du må slutte med djevleskapen din, og hugse på at du er norsk!». Vakta sleppte oss inn, og eg kom inn i eit varmt rom med ei oppreidd seng. Det smakte godt...

Ei tid etter krigen møtte Munte igjen denne karen på ein tur til Sørlandet. Den tidlegare «alt muleg mannen» frå fangeleiren kom saman med kona, og då han såg Munte gjekk han fram og retta handa til han. «Deg tar jeg ikke i hånden», sa Munte, «Det har dryppet for mye blod fra den, men din kone skal jeg hilse på.»

## Operasjon utan bedøving.

Dagen etter kom ein lege til meg. Han var frå Belgia og var utdanna kirurg. Han konstaterte at eg hadde lungebetennelse og vatn på høgre lunge. Legen, saman med ein svær kar frå Holland, tok meg med for operasjon. Operasjonen vart det ingen ting av. Derimot tappa kirurgen ut vatn frå den sjuke lunga ved å stikka ei nål inn i ryggen (utan bedøving), før det bar tilbake til sengs. Eg følte meg bra, og fekk puste nesten normalt.

Dagen etter var det nesten like ille. På nytt kom kirurgen og henta meg til operasjon. Han fortalde kva som måtte gjerast: «Narkose, da du

*og vidare. Me la ungane til køys i lag i Ølen, og sat oppe og såg oss om til båten hadde vore i Etne. Då var klokka 24.00. Det var mange store barakker oppsett nedanfor kyrkja, og fullt av tyske soldatar.*

### **Torsdag 26. juni 1941**

*Ved åttetida om morgonen la båten til bryggja i Bergen. Eg såg etter dei tyske vaktene, men nei, ikkje ein mann var å sjå, og glade var me. Me sette bagasjen opp på ekspedisjonen og gjekk så over til slektningane Marta og Malena i Baneveien. Der fekk me mat, og vart sitjande å prata ei stund. Eg rusla bort på Tyskebryggja. Eg fekk då sjå at dei hadde sperra av med stol-*

gjennom skorsteinen», sa han på gebrokkent norsk. Eg var for svak til å tole narkose, men det var ingen veg utanom.

Eg vart sett på eit smalt bord, og fekk beskjed om å halde rundt Hollendaren. Han skulle halde rundt meg, og låste dermed armane mine. Eg sat som i ei skrustikke, og operasjonen kunne ta til.

Dei skar hol i ryggen og sette inn ein slange, slik at vatnet kunne renne ut. Slangen vart festa med ei sikkerheitsnål slik at den ikkje skulle fare inn.

Det var fælt. Smertene dreiv gjennom heile kroppen, og eg svimte av. Då eg vakna var alt over, og eg følte meg tom for krefter. Frå drenet dei hadde sett inn, rann no vatnet ut av lunga, og ned i ein glasbeholdar som stod på golvet.

Eg var åleine nordmann på sjukestova. Elles var det franskmenn, hollendarar, russarar, luxsenburgarar og andre nasjonalitetar. Dei hygieniske tilhøva var svært dårlege. Sjølv fekk eg vaska meg ein gong det halve året eg låg der, sengetøyet vart ikkje vaska i det heile. Mange hadde dysenteri, og lufta bar preg av at ikkje alle hadde krefter til å kome seg ut av senga når dei måtte på toalettet. Etter ei tid vart eg van med lukta, og merka lite til den. Madrassa var av sekkestrie, og eit ullteppe, som etter ei tid likna meir på ein presenning, var dyne. Lusa trivdest godt i dette miljøet.

Eg følte meg hjelpelaus og tenkte på broren min. Var han frisk? Var han i live? Tankane var mange, men eg hadde ingen eg kunne snakke med.

I sengene ved sida av meg låg det to russarar. Vi forsøkte å forstå kvarandre, og den eine spurde: «Er du kamerat?» Eg nikka, og kontakten var i orden. Desse to russarane var til stor hjelp og støtte for meg.

Eg vart glad då eg ein dag fekk høyre at det var kome inn ein nordmann som eg kjende frå før, Johan Magnus Aaderaa (f. 15.02.1903). Gleda vart kort. Han døydde nokre få dagar seinare, og det var vondt å sjå då dei bar han ut.

Etter ei tid fekk vi ein norsk lege. Han var fange som oss andre, og det var lite han kunne gjere for oss som var sjuke. Medisin og utstyr mangla, men han gjorde så godt han kunne for å hjelpe oss som var sjuke.

Kreftene minka for kvar dag. Eg slutta etter kvart å reagere på det som føregjekk rundt meg. Ein dag fekk vi ordren: «Bading». Eg klarte ikkje å gå, så eg måtte ha hjelp. Du og du for eit bad. Vatnet var fælt. Heile flokken på 15 – 20 fangar bada i same vatnet, som snart vart nærast svart. Dei som nekta fekk juling. Vi fekk høyra at vi norske var nokre grisar som ikkje ville vaska seg. Tyskarane hadde funne ut at reinslegheita måtte ein ta vare på...

Etter operasjonen hadde eg ikkje krefter til å stå opp, og vart difor lig-

*par og tau alle bryggjer frå Bryggjesporen til og med Strandkaien, og ved alle opningar stod norsk og tysk politi. Skulle ein sleppe ut av byen, laut ein få passet stempla av det tyske sikkerheitspolitiet. Eg fekk også greie på at «Havgula» låg ved Sukkerhusbryggja og lossa sand, og at ho snart var utlossa. Eg gjekk dit bort og snakka med Anders Vikesund, og han sa at dei kanskje reiste i kveld ved 19.00 tida. Då tenkte eg at hvis me no skunda oss, kan me kome heim i kveld. Eg trikka då opp til Haukeland og fekk Enma med meg. Me gjekk først på Hordaland politikammer og fekk passet vårt stempla, og det tok berre eit kvarter. Sidan stelte eg meg opp i køen utanfor Lungegården skule, der det tyske sikkerheitspolitiet heldt til. Eg*

gjande. Ein dag fekk eg ein liten pakke. Dersom eg ikkje hugsar feil, var det bror min som hadde fått han, og no delte han innhaldet med meg. Korleis han hadde klart å få pakken fram til meg, veit eg ikkje, men han hadde stor omsorg for meg, det har han alltid hatt.

Blant havregryna var der eit lite kort, og der stod det: «Alle er i live og har det bra». Denne helsinga sette nytt mot i meg. Havregryna var gode, men helsinga var betre! Dette var første gongen norske fangar fekk ta i mot pakkar i denne leiren.

Det vart stor flyaktivitet i slutten av august. Det gjekk rykte om at dei allierte hadde gått i land i Frankrike, og at Natzweiler skulle evakuerast. Den dagen vi skulle ut av leiren, hugsar eg ikkje så mykje til. Eg kan hugse at eg kom til porten, så hugsar eg ikkje meir før eg kom til meg sjølv, liggjande i ei kuvogn med noko halm på golvet. Ein eller annan må ha bore meg dei kilometerane ned til toget, for elles ville eg blitt skoten. Tyskarane skaut dei som ikkje greidde å følgja med, og som såleis skapte vanskar.

## Til Dachau

Toget gjorde fleire stopp undervegs. Dette skuldast flyangrep. Når toget stoppa, sprang dei tyske vaktene ut, og i dekning. Etter ei tid kom vi fram til Dachau. Dei som ikkje kunne gå, vart lagt på appellplassen. Det var i september månad, og det var rått og kaldt. Turen kom omsider til meg. Eg vart lagt på ei båre, og ført inn i eit stort vaskerom der ein fange tok imot meg. Det første han spurde etter var nasjonalitet. Då han høyrde eg var norsk, smilte han. Han likte dei norske fangane.

Drenet eg gjekk med i ryggen hadde gått tett, slik at det rann ut på kroppen. Det var sårt og gjorde vondt. Eg fekk sett inn nytt dren, og fekk ny bandasje som var laga av selstoff. Etterpå fekk eg anvist seng ved sida av ein hollendar. Han kunne heldigvis litt norsk.

Ein dag fekk eg ei heil Røde Kors-pakke. Eg var plutselig blitt rik. Pakka inneheldt mykje, mellom anna sigarettar som vart rekna som hard valuta i leiren. Sjukepassaren, som var tsjekkar, kom ofte på besøk. Han fekk nokre sigarettar, og eg spurde om han kunne kontakte bror min. Det var ikkje nei i hans munn. Utpå dagen kom han att. Han kunne fortelja at bror min hadde fått tyfus, og var svært sjuk.

Ein dag kom sjukepassaren inn og fortalde at bror min var over det verste, og at han kom til å greie seg. Dette var ei god melding, og humøret steig. Det gjekk rykte om at alle norske fangar skulle få reise heim. Tull og tøys, tenkte eg. Etter som tida gjekk, høyrde vi bombing dag og natt, og eg vart betre til mote.

*stod i køen om lag ein time, så slapp eg inn og fekk stempla på passet at eg kunne få reisa ut av byen. Så gjekk me over dit «Havgula» låg, og fekk høyra at dei skulle gå klokka 18.30. Oppe på Nordneshøgda møtte eg Nils Soltveit, og me prata i lag ei stund. Så følgde han oss bort til «Havgula». I sjutida om kvelden reiste me frå byen. Kaptein Rød og to andre frå «Hosanger 1» var også med. Ved Eidsvågneset møtte me ein tysk vaktbåt som praia oss, men me hadde alle papir i orden og fekk reisa vidare. Me kom til Storholmen med «Havgula» der gjekk me om bord i «Iris» og følgde den til Romarheim, der me kom klokka 23.00. Me var glade for at me var vel heime.*

## Vi får reise heim

Ein dag kom sjukepassaren inn til meg og sa at no skulle eg snart få reise heim. Eg fekk bade, og bandasjen vart skifta. I staden for selstoffbandasjen, fekk eg no ein rein og fin bandasje av gasbind. Eg fekk ein pakke klede som inneheldt skjorte, dress og undertøy. Då dei hadde kledd på meg, og skulle reise meg, datt eg rett i golvet. Klede eg hadde fått var for tunge. Det var ikkje krefter nok i den avmagra kroppen min til at eg kunne stå oppreist.

Eg vart lagt på ei bære, og ut bar det mot friheita, trudde eg. Men nei, det var for seint. Bussane som skulle henta oss, hadde køyrt, og saman med dei andre, måtte eg tilbake til brakka. Skuffelsen var sjølv sagt stor. Vi fekk melding om at bussane skulle vera tilbake i leiren om 14 dagar, men det kunne henda meg mykje på 14 dagar.

Etter 12 dagar, den 15. mars 1945, kom bussane att. Eg vart på nytt lagt på ei bære, og ut gjennom porten bar det. Der stod dei kvite bussane som skulle hente oss heim. Eg fekk ein god plass i bussen, og vart liggjande slik at eg kunne sjå ut gjennom frontruta. Ei tysk vakt var med for å sjå til at vi kom gjennom dei mange kontrollstasjonane på vegen. På bussen fekk vi beskjed om at vi no var under Røde kors sin beskyttelse, og at vi skulle transporterast til Neuengamme ved Hamburg. Folke Bernadotte kom inn på bussen og helste på oss. Han spurde korleis det stod til og om vi hadde mat. «Nå skal dere ikke svelte mer.» Søster hans Maria var med under transporten.

Då vi kom til Neuengamme, kom tyskarane og spurde kor mange døde vi hadde med. (Tyskarane var vane med å telje lik). Ho svarte med myndig røst: «Vi er kommet for å berge de levende. De døde har dere alltid tatt dere av.»

Eg var alvorleg redd då ho sa dette, for eg ottast at tyskarane ville ta opp revolvaren og skyte henne. Men sidan vi var under Raude krossen, våga dei ikkje det.

Eg var trøtt og sliten, men elles med godt mot. Etter mange timar med humping og risting på dårlege vegar, kom vi fram til Neuengamme. Der stod Røde kors sine folk og tok i mot oss. Det var nesten ikkje til å tru. Ikkje rop og skrål, ingen slag eller spark. Dei følelser som no velta fram, vil eg aldri klare å beskrive. Det finst ikkje ord i språket vårt som er dekkande for slikt.

Det vart fortalt at det var berre dei svakaste som fekk reisa vidare. Etter at legen hadde undersøkt meg, fekk eg beskjed om at eg var ein av dei heldige som skulle få reisa vidare.

Om lag ein månad seinare bar det vidare mot Danmark. Vi vart frakta i ein dansk feltbuss, og fekk rikeleg med mat, men eg var forsiktig. Eg

### *Lørdag 12. juli 1941*

*Me budde oss til bryllaupsferd i Stusdalen. Me kom til Stusdalen i 23.00-tida og ei stund etter bar det til bords. Me fekk fisk og poteter med rjomekoll attpå, og det smaka godt. Ingvald heldt humøret oppe ved bordet. Seinare dansa nokre par i Andersstova.*

### *Søndag 13. juli 1941*

*Det var uvanleg varmt i natt. me låg utan klede og hadde likevel vanskeleg for å få sova. I titida samlast me kring frokostbordet, om lag 25 gjester, og 20 av desse var med til kyrkja. Karen var kledd som vanleg krunebrur, og*

uroa meg for om magen ville tole all denne gode maten. Elles minnest eg lite til denne turen. Vi vart lasta om til ei jernbanevogn, og der tok «lusekrigen» til. All lus skulle utryddast, og vi vart pudra med noko dei kalla luseverk. Etter avlusinga fekk vi reine klede og ei god seng.

Turen gjekk vidare mot Sverige, og Ramløsa samleir, der vi kom i april 1945. Det hadde snart gått to år sidan eg vart arrestert heime i Solund. Då vi kom til samleiren, vart det ny avlusing og legek kontroll. Eg var no så svak, at eg hugsar lite av det som hende rundt meg. Eg vart verande i Ramløsa til eg den 17. mai 1945 vart innlagt på Jønkjøping lasarett. Dette sjukehusbesøket skulle på ein heilt spesiell måte få innverknad på resten av livet mitt.

Det hadde seg slik at det på sjukehuset arbeidde ei sjukepleierske som eg kom i kontakt med første dagen eg kom inn. Eg var plassert på ein divan midt på golvet fordi lasarettet var overfylt med pasientar. Sjukesøstera heitte Anna-Lisa. Ut på dagen kom ho inn og fortalde at det om ettermiddagen skulle passere eit 17.mai-tog utanfor vindauga til rommet eg låg på, og at ho kunne hjelpa meg og ein annan nordmann bort til vindauga når toget skulle gå forbi. Slik vart det, og medan vi stod slik og såg på den feststemde flokken utanfor, var det nokon som ropte bak oss. Både Anna-Lisa og eg snudde oss samstundes, noko som førte til at vi støtte saman, og fekk begge kvar vår kul i hovudet. Eg reagerte med ein brå bevegelse slik vi alltid gjorde i fangeleirane når vi høyrde noko bak oss. Anna-Lisa har seinare fortalt meg om korleis ho opplevde dette første møtet. Etter å ha sett meg liggjande på divanen, hadde ho sagt til dei andre på avdelinga at dette var det styggaste ho hadde sett. Eg bar nok sterkt preg av det eg hadde vore i gjennom dei siste to åra. Vekta var nesten halvert frå 84 kilo sidan eg vart arrestert, til no då eg var kome ned i 47 kilo. Kven skulle tru at denne svenske sjukepleierska nokre år seinare skulle stå brud med meg heime i Solund!

På sjukehuset tok dei røntgen av lunga, og så vart det operasjon. Då dei skulle fjerna drenet eg hadde i ryggen, fann dei sikkerhetsnåla som dette var festa med. Nåla som var grodd fast under huden, hadde ført til at det heile var svært betent.

Etter ei tid vart eg utskriven frå sjukehuset, og eg kunne reisa vidare til Oslo via Gøteborg. Eg reiste frå Jønkjøping 21. juni 1945, og var framme i Oslo ved St.Hans tider. Her vart det ny venting før turen gjekk vidare til Bergen. Då eg kom fram, var det ikkje Røde kors folk som kunne hjelpe meg, men politiet tok seg av meg og løyste opp i floken.

Det gjekk mot slutten på ei lang reise. No gjenstod berre turen frå Bergen heim til Husøy. Eg gledde meg til heimkomsten, og vart ikkje skuffa då eg fekk ei fin mottaking frå søsken, foreldre og naboar.

*det har me sett ofte, men Osvald var kledd i nasjonal karmannsbunad. Det var litt av eit særsyn. I kyrkja såg folk meir på brudgommen enn på bruri. Frå Gamlesætri kørde heile brurefølgjet med Thomasbilen til Romarheim. Ved Eikhovden braka det tre skot laus, ved Romarheim tre, og då me reiste frå bryggja tre. Dei var ikkje forvel ferdig med preika i Neset, då me kom dit klokka 12.30. Straks etter kunne me gå til kyrkja. Presten gjorde dei fort ferdige. Han tykte visst det var varmt, for straks etter vigsla var han å sjå nedpå bryggja i skjorte og bukse, og det var alt han hadde på seg! Me kom til Stusdalen i 15.00 tida, og ein liten time etter bar det til bords. Eg laut som vanleg halda ein liten bruretale, men eg hadde ikkje åndi over meg,*

No gjenstod berre den siste operasjonen, og eg måtte vente på plass på sjukehuset. Eg var spent på kva utfall operasjonen ville få, og det var ei vanskeleg tid. Eg fekk plass på Haukeland sjukehus hausten 1945. Operasjonen gjekk bra, men eg måtte etter den tid klare meg med ei lunge.

No skulle eg starta på nytt. Eg hadde heilt sidan eg vart utskriven frå lasarettet i Sverige, halde kontakten med Anna-Lisa. Før eg reiste heim frå Bergen til Solund for å gifte meg med den Anna-Lisa, hadde eg teke ut av banken dei pengane eg hadde ståande. Eg skulle bruke dei til bryllaupet, og noko pengar skulle utbetalast til dei som hadde levert fisk til fiskemotaket vårt heime i Husøy.

På rutebåten trefte eg ein god nabo. Han kom og ville betale meg 10 kroner som han skulda meg frå før eg måtte i fangenskap. Eg tok mot pengane, og putta dei i pengeboka som eg hadde i baklomma. Då eg stod og støtta meg til rekkverket, oppdaga eg brått at lommeboka fall i sjøen med alle pengane! Brått stod vi der og hadde mist alle pengane våre – eg var heilt blakk. Eg hadde ikkje eit øre som var mitt. I staden for at det skulle bli ein glad tur, varf det bekymring.

Då kom Anna-Lisa meg til hjelp. Ho sa: «Det er ingen ting å gjere med dette, Peter. Det ordner seg alltid! La oss gløyme det. kanskje får vi pengar til bryllaupet slik at du i alle fall kan gjere opp det du skuldar andre.»

Og heldige var vi. Vi fekk så mange pengar at eg kunne ordne opp for meg.

Anna-Lisa og eg gifta oss i Prestegarden på Hardbakke den 2. juli 1948, på dåverande kronprins Olav sin geburtsdag. Og så kunne vi starte ekteskapet i det enkle.

Dei første åra etter krigen var ei vanskeleg tid. Eg var mykje plaga av mareritt om nettene. Den første tida etter eg kom heim, kunne eg heller ikkje lese eller skrive, tala vart borte. Alt var liksom borte for meg. Eg har seinare fått visst at dette var ein skjebne eg måtte dele med fleire som hadde vore i tyske konsentrasjonsleirar. Legane fortalte meg at det skuldast underernæring, og det viste seg at eg vart gradvis betre etter kvart som eg fekk nok næringsrik mat.

Eg har etter krigen blitt spurd om eg ikkje har angra på at eg gjekk inn i illegalt arbeid når eg no tenkjer på dei pinsler eg måtte gjennom. Til dette har eg svara nei. Åra i fangenskap lærte meg ting om livet eg aldri ville lært dersom eg ikkje hadde vore gjennom dei prøvelsar dette innebar, og eg fekk oppleve store ting med Gud i denne tida.

Når eg ser tilbake på fangetida, og minna strøymar på, er det ein song som kjem for meg, og denne songen vil eg avslutte med:

«Å, hvor Gud har vært god mot meg....»

*tykte eg. Telefonen var i ustand, så det var berre nokre få telegram. Det var i alt tre songar ved bordet, ein ferdigkjøpt frå byen, ein frå Borghild og Kaspara, og ein frå Emma og meg. Seinare om kvelden gjekk det med prat, dansing og soving for somme! Klokkå 23.30 kom rjomegrauten på bordet. Eg samla folket saman, og etter mykje strev fekk eg dei dansegalne til bords! Laget hadde no auka, med di dei hadde bede opp ungdomar frå Romarheim og Dalejenter. Twillingane Høyland heldt spetakkel med kvarandre, så me lo oss nesten forderva. Dei fann åt kvarandre på alle moegelege måtar. Ingvold kalla Alfred for Ghandi, fordi han likna så på han, påstod han. Ei stund etter tok Emma og eg avskil, og gjekk nedover.*



*Harald Henriksen, fødd i 1910 i Solund. Han vart arrestert i mai 1943 i samband med våpenlageret i Begla. Sat i fengsel i Bergen og Espeland, vart sendt vidare til konsentrasjonsleirar i Tyskland der han sat til frigjeringa i 1945.*

## Broren Harald

*Broren Harald si framstilling av arrestasjonen og fangetida gir det same bildet av den grufulle torturen brorne var gjennom.*

*Harald og kona busette seg heime i Solund, medan Peter og kona vart buande i Bergen. Om somrane har Peter med familien feriert på heimstaden Husøy, og den sterke kontakten mellom brorne har difor halde fram etter krigen.*

*I fangenskapet var dei i same leirane, men i ulike fangeceller. Likevel visste dei om kvarandre. Harald seier at tyskarane visste at Peter var hovudmannen, og at dei difor gav han særleg mykje slag.*

Noko av det første vi såg då vi kom inn porten i Sachsenhausen, var ein gjeng fangar som gjekk rundt i ring på appellplassen. Dei måtte gå slik rundt og rundt til dess dei ikkje var meir, skildrar Harald. Vi fekk lite kvile. Om nettene måtte vi ofte springa i kjellaren på grunn av flyvarsel. Det var mykje lus og utøy i leiren, og det verka inn på søvnen. Bror min Peter var ikkje på same staden, men vi visste om kvarandre, og at vi var i live. Så hende det seinare at vi blei kalla inn att frå fabrikk til Sachsenhausen. «De er sende på feil plass, no skal de heim att», var den korte meldinga vi fekk frå tyskarane. Vi måtte skriva under på eit papir kor bra vi hadde hatt det i Tyskland. Vi vart så sende vidare av stad i hestevogner. Reisa varte i fleire døgn, og vi kom til slutt fram til Natzwailer. Vi visste vel at det ikkje var sant som tyskarane sa at vi skulle heim til Norge. Det var sprekker i togvognene, og vi kunne sjå at vi gjekk i motsett retning. Men vi visste ikkje kvar vi skulle. Det var alltid ei uvissa. Det var ein fare for at vi kunne kome til ein verre stad. Men etter kvart som vi fangane blei avmagra, plaga og torturerte, blei vi immune. Til meir brutalt ein opplever, til meir toler ein. Natzwailer var ein hard leir. Eg fekk tuberkulose. Peter fekk ein annan lungesjukdom.

Det var eit under at vi overlevde. SS-folka plasserte oss på ei brakke med fangar som var sjuke av flekk-tyfus, for at også vi skulle bli sjuke. Natzwailer var bygd etappevis oppover i ei skråning, og låg bratt til. I dette området var det mykje skodde og kaldt. Ein kamerat og eg hadde arbeid med å hakke is av vassgrøftene i leiren. Vi skulle også køyre kol til krematoriet. Kameraten min surra fast hendene sine til handtaket på trillebåra. Han var så svak at han klarte ikkje å halde båra fast elles. Greidde ikkje fangen jobben, risikerte han å bli skoten. Vi såg kven som gjekk inn i krematoriet, og visste at dagen etter kunne det vere vår tur. Vi var ikkje redde for å dø, men håpa vi skulle klare å overleve. Etter at eg blei sjuk, fekk eg ein ny jobb. Eg skulle skjere opp gamle klede etter folk som var gassa i hel. Dei skitne fillene skulle nyttast til veving. Om hausten 1944 høyrde vi kanonene frå vest, og leiren Natzwailer vart eva-

### **Torsdag 7. august 1941**

*Ut på kvelden pakka eg ned radioapparatet til sendings i morgon. Alle radioapparat på Vestlandet skal vere innleverte til politiet i dag klokka 16.00, men då båten går først i morgon, får det vere godt nok når lensmannen får dei då. Dei må vere redde, tyskarane og Quislingane no, når dei ikkje tor lata folk ha radioapparata ein gong!*

### **Fredag 8. august 1941**

*Reiste med «Hamre» til Hosanger på forsyningsmøte. Då me kom til Ostereidet, bar eg radioapparatet på land. Det vart ein heil haug med appa-*

Harald Henriksen. Passet utstedt ved Den kgl. Legasjon i Stockholm 22. april 1945.



Beglevågen mot sørvest.

Begla er ei ubygd øy som ligg litt inn for Litvår. Det er ikkje så mange dagar for året at ein kan leggje småbåt frå seg her og gå i land.

Tidleg på våren i 1942 kom ein kutter inn på denne verharde vågen med våpenlast. Om bord var mellom andre Paul Kråkenes, ein suling som var flytta til Gulen, med opplæring som Lingemann.

Våpen og ammunisjon vart frakta opp i ei svær ur og skulle seinare fordelast vidare til bruk for Lingekarane.

Våpenlageret på Begla vart oppdaga, noko omveges, og ved hjelp av grufull tysk tortur, vart trådane rekte attende til dei fire som bar kassane på land. To av dei var brorne Harald og Peter Henriksen på Husøy, dei to andre var brorne Johan og Georg Kråkenes, fødte i Solund, men budde på Koksoy i Gulen.

Alle fire hamna i tyske fangeleirar av verste merke, der vart dei resten av krigstida.

Som ved eit under kom Henrik og Peter levande frå det, merkte av tortur og sjukdom for livstid. Også Johan og Georg berga livet, så vidt det var.

Frå samlinga til Solund kommune.



kuert. Vi vart då frakta til Dachau i Sør-Tyskland. Framleis i dei same hestevognene. Det var ein lang og uhyggeleg slitsam tur. Mange døyde under veps. Vi vart lossa ut på jernbanelina. Dachau fekk vi grunnen ein betre leir enn Natzwailer. Då vi kom til Dachau fekk vi tilværet då vi pakkar. Vi var heilt utsvoltne. Men no såg vi lysare på tilværet då vi fekk mat. Etter ei tid fekk vi brått vite at som NN fangar hadde vi ikkje rett på Røde Kors pakkar. Men dei norske som var sjeifar i leiren, sa at det ikkje var fangane sin feil at tyskarane ikkje hadde oversikten. Derfor fekk vi behalde pakkane. I Dachau plasserte tyskarane meg på ei brukle der det var flekk-tyfus slik at eg kunne bli sjuk. Det blei eg også. Flekk-tyfus er ein svært smittsam sjukdom. Om lag 95 prosent av dei som fekk flekk-tyfus døydde. Døden kom brått, berre eit par dagar etter at ein fekk sjukdomen. Det er eit stort under at eg overlevde. Eg skulle vere død. Då svenskebussane kom for å hente oss, kjende eg att dei som var rundt meg, men eg kunne ikkje seie namnet på nokon. No vart vi frakta til leiren Neuengamme ved Hamburg. Her var det fleire som døyde. Etter om lag ein månads tid vart vi frakta vidare til Sverige. Eg kom til Norge ut på sommaren 1945. Første stopp var Vårdsen sanatorium i

rat på bryggja, endå det berre var frå Romarheim, Storhalvøen og Kleiveland. Dei andre apparata i Hosanger lensmannsdistrikt skal legvast på Mo, Tysse, Fotlandsvåg og Ostereidet. Me kom til Hosanger kl. 8.00, og ein time etter tok møtet i forsyningsnemnda til i sokneshera. Det var ymse me hadde for oss. Lengst tid tok det til å gjemongel dei nye reglane for omsetjinga av kjøt. Me vart ferdig med møtet i 13.00 ikl. Då følgde eg Ivar Vikesund til middag. Mons Bjørge var også med. Litt før klokka 19.30 gjekk me opp til Ivar Vikesund og hoyrde nylt frå London. Vikesund hadde enno ikkje levert radioapparatet inn. Riser-Larsen kalla i kveld, og han var fyrsteleg å høyra. Siste delen av talen var reuitt til fru





Utvær som var vestlegaste busette oya i landet, har no ingen fastbuande. Under krigen budde der eit par hundre menneske. Oya hadde på den tid eigen skule – skulehuset står framleis.

Tyskarane kom til Utvær i februar 1944 og tok over fyret. Utvær fyr hadde gjennom lange tider vore eit sikkert kjennemerke for sjofarande på Norskekysten.

Eitt år etter at tyskarane kom til oya, vart fyrtårnet oydelagt ved eit flyangrep av engelske fly våren 1945. Flyåttaket førte til at fyrtårnet kom i brann og vart mykje skada. Dette flybildet viser også oya Begla som ligg litt innanfor. Begla er nesten like stor som Utvær, men denne oya har ikkje vore busett. Her vart det lagra våpen som kom i båttransport frå England. Våpenlageret vart oppdaga i 1943, ei heiding som førte til at blant andre brorane Peter og Harald Henriksen frå Husøy i Solund vart arresterte og sende til konsentrasjonsleirar i Tyskland. Ved eit under overlevde dei krigen

Asker, seinare vart eg overflytta til Luster sanatorium i Sogn. Her vart eg til hausten 1946. Først då kunne eg reise heim til Husøy i Solund. Endeleg kunne eg gifte meg med den eg var forlova med før eg vart teken til fange. Då Peter og eg kom heim til Husøy, var ein ungdomsflokk samla og tok mot oss med sang. Gleda var overveldande.

Fangenskapet og konsentrasjonsleirane har brorane Henriksen fått noko på avstand no, men minna kjem fram att i blant. Etter kvart som dei opplevde meir og meir brutale ting, blei dei apatiske. Det var nødvendig for å klare å eksistere i det helvetet fangeleirane var. I ettertid nyttar det heller ikkje å tenkje på den grufulle djevlskapen dei var utsette for. Det er viktig at dei som veks opp etter krigen, får kjennskap til kor grufull ein krig er, meiner dei. Det er vanskeleg i fredstid å forstå kor rå og brutale vi menneske kan vere mot kvarandre i ein krig.

Jonas Lie. Klokkja 20.00 reiste eg med «Hamre» til Romarheim, og kom heim klokkja 23.30.

**Mandag 11. august 1941**

Klokkja 11.00 kom doktormotoren på veg til Mo, og hadde lærarane med. Berre Haukøy vanta. Han er i Bergen. Me gjekk først i skulehuset, og hadde ei samrøingsstund, særleg om spørsmålet utmelding or lærarlaget, då Noregs lærarlag no vart styrt diktatorisk av hirdstabssjef Orvar Sæter. Me vart samde om at me skulle melda oss ut alle. I 13.30 tida samla me oss kring middagsbordet hjå meg.